

Referat frå årsmøte i RHF-Rogaland 23. mars 2019.

Årsmøte blei innleia med innhaldsrik og detaljert presentasjon om Bjerkreim Bilselskap. Johan Vassbø, barnebarn til første sjåfør i selskapet formidla og fortalde om selskapet. Etter foredraget fekk Johan Vassbø blommar og ei RHF – lue, som takk av leiar Rune Hauge.

19 medlemmer møtte på årsmøte i Bjerkreim Kommunehus.

Saker til drøfting:

1. Opning: Rune Hauge ønska velkomen til årsmøtet, og tok til kl 13.30.

2. Val av møtefunksjonar. Desse blei valde: Petter Eiane ordstyrar, Audun Rosland referent, Odd Terje Gundersen og Knut Inge Knutsen til å skrive under møteboka.

3. Innkallinga blei godkjent, og var kunngjort i medlemsbladet Rutebil i februar.

4. Årsmeldinga for 2018; blei gjennomgått og meldingar for restaureringsprosjekta og biblioteket blei presentert i etterkant av meldinga. Tilleggsopplysning; Karmøyruta, L- 9067, blei overført til Veteranbusslaget Karmøyruta omkring årsskifte 2018/2019. Odd Terje Gundersen presiserte opplysningar om Chevrolet chassiset. Det kan vera produsert så tidleg som 1945 eller før, medan registrering av vogna første gong er i 1947. Chassiet blei levert frå Sunde Bil, importør i Stavanger. Etter årsrapport 2018 om Chevrolet L-15680 var gjennomgått, fekk Odd Terje overrakt blommar for innsatsen så langt med å få klar og registrert bussen. Vidare blei årsrapport for prosjekt Volvo "snabbe" lagt fram. Årsrapport for RHF bibliotek og busshistorisk samling på Flotmyr blei presentert av Ole Petter Espeland.

5. Rekneskapen for 2018 blei så gjennomgått og diskusjonen med spørsmål gjekk over i budsjettdebatt: **Vedtak: Årsmeldinga med rapportar og revidert rekneskap blei så godkjent.**

6. Budsjett for 2019

Mange hadde ordet for å kommentera budsjettet: Svein Stueland, Knut Inge Knutsen, Jørn Malde, Alv Harald, Liv Mari Kjerstad, Odd Terje Gundersen, Jakob Schaavland.

Styret bør sjå vidare på dei spørsmåla som er notert; mellom anna om EU-kontroll, marknadsføring av dei kjørbare vognene for utleige på nettsider og anna aktivitet som er planlagt. Kan utgiftene til sveisegass reduserast? RHF må søkja løyvefritak for Østerhusbussen, RE 39141.

Vedtak: Budsjettet blei godkjent slik det var lagt fram med merknadar ovanfor.

7. Innkomne saker; i alt 4 framlegg blei lagde fram med innstilling frå styret.

7.1. Frå Magne Løtoft, om valnemnda si innstilling.

Ei innstilling frå valnemnda om nye styremedlemmer bør liggje føre minst 2 veker før årsmøte. Dette bør inn i dei lokale vedtektene slik det vil samsvara med dei sentrale RHF- vedtektene, det blei diskusjon om frist på 2 veker skulle vera eit krav eller ei målsetting. Dersom det skulle vera ei målsetting ville det høyra heime i retningslinjene drift av lokalforeninga. Saka blei deretter stemt over ved handsopprekking med 11 røyster for, 1 imot:

Eit nytt punkt om innstilling 2 veker før årsmøte ført i lokale vedtekter blei vedteke.

7.2. Om betre budsjettstyring og økonomiarbeid:

Magne Løtoft kom med framlegg om å betre økonomien, mellom anna med å søke økonomisk støtte lokalt med å ta kontakt til bedrifter m.m. for å få økonomisk -og anna sponing. Slik har Sokndal sikra seg nytt golv i Snabben og skaffa logo til reklame. Tilsvarende blei nemnt av odd Terje Gundersen at Ernst Arve Stangelend har sponsa og lagt nytt golv i Chevrolet L-15680. Det var semje om at det nye styret bør arbeida vidare med spesifisert budsjett for kvar buss og prioritera økonomi med å søkja om økonomisk støtte.

7.3. Frå Svein E. Stueland om å utrede organisering og drift av aktivitetene på Haugalandet og om det vil være formålstjenlig med en deling av foreningen til en Nord- og Sør avdeling: Svein

E. Stueland kom med framlegg om at RHF bør vurdere om det er føremålstenleg å dela og oppretta ny avdeling i Nordfylket. Han argumenterte for å arbeida vidare med denne saka.

Bakgrunnen om saka er kjent frå i fjor, med ekstraordinært årsmøte og medlemsmøte der endra organisasjon i nord var tema. Forslaget, som ble lagt fram fra en nedsatt komite den gang, ble aldri realitetsbehandlet. Stueland reiser nå spørsmålet om det kanskje ville være mer tidsriktig å reetablere den gamle ordningen med en egen RHF-avdeling i nordfylket. Det finnes mange eksempler på at en forening med lokal tilhørighet både lettere får økonomisk støtte fra institusjoner i nærområdet og lettere klarer å mobilisere medlemmer til «å ta et tak» for foreningen. Han la fram en grundig argumentasjon, dette vedlegges protokollen til orientering.

Etter en del diskusjon var Årsmøtet enig om at saken burde behandles vidare i en av styret nedsatt komite, bestående av 2 representanter fra nord- og 2 fra sørfylket. Mandat – Å utrede om det vil være formålstjenlig å skille ut nordfylket i en egen avdeling innen RHF. Det stemtes skriftlig over dette.

Vedtak : 14 svara ja på å utgreie framlegget, 2 var i mot og 1 blank stemmeseddel.

17 medlemmer deltok, to hadde gått frå møte under drøfting av meldingane.

7.4. Framlegg frå Ernst Arve Stangelend og Alv Harald Vistnes om å forhaldla om ny avtale om biblioteket, er lite aktuelt om eventuell ny organisasjon blir realisert. Alv Harald Vistnes trekte framlegget inntil vidare.

8. Valg:

Valgkomiteen ved Odd Terje Gundersen la fram forslag til nye styremedlemmer og leiar.

Desse blei valde :

Leiar:	Alv Harald Vistnes	2019 – 2020	1år	Ny
Styremedlem:	Rune Hauge	2019 – 2021	2år	Attvalg
Styremedlem:	Ole Petter Espeland	2019 – 2021	2år	Ny
Varamedlem:	Odd Terje Gundersen	2019 – 2020	1år	Ny
Kasserar:	Øyvind T. Gilja	2019 – 2021		Attvalg
Styremedlem:	Peter Magnussen	2018 – 2020	2 år	*)
Sekretær:	Audun Rosland	2018 – 2020	2 år	*)

*) Medlemmer i styre, valde i 2018 for eit år til (perioden 2018 -2020)

Øvrige tillitsverv:

Revisor:	Jørn Malde	2019 - 2020	1 år	ny
----------	------------	-------------	------	----

Etter valget fekk Odd Terje Gundersen takk for arbeidet i valgnemnda.

Dette var godt forebudd og slik gjekk det raskt å få på plass styre med leiar i år.

Framlegg om ny valnemnd: Jørn Malde, blei valt. Styret får i fullmakt å finne kandidater til valnemnda i samarbeid med Jørn Malde. Knut Inge Knutsen er kontakt i nord.

Det nye styre får fullmakt til å finne medlemmer til ei nemnd / komite: Desse skal greia ut om det er føremålstenleg med ein ny organisasjon og kome med framlegg om framdriftsplan for eventuell deling og "sjølstyre" i Nordfylke.

Øyvind T. Gilje avrunda møtet med å orientera om tidlegare plan for eit RHF - Landstreff i 2020. Desse planane er skrinlagt og utsett på ubestemt tid i vårt område. Responsen blandt medlemmer har vore liten for ideen, og plan om å ha Landstreff for bussar i Rogaland til neste år utgår.

Rune Hauge blei takka for arbeidet som leiar og ordstyrar fekk takk for møteleiing. Årsmøte var slutt ca. kl 16.30


Odd Terje Gundersen

Referent: Audun Rosland


Knut Inge Knutsen